



Arkivnr: 2014/10441-6

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Låneopptak 2014 - I**

### **Samandrag**

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2014 vert det teke opp eit 5-års obligasjonslån på 400 mill. kr. Renta er fast, 2,75 % i 5 år.

### **Vedtak**

Det vert teke opp eit 5-års obligasjonslån på 400 mill. kr, tilrettelagt av Danske Markets. Renta er fast i heile perioden, nominelt 2,75 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.02.2014

Det er i 2014 budsjettert med bruk av 1 295,6 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Det er sannsynleg at det vil bli gjort budsjettendringar gjennom året, slik at denne summen kan endre seg.

Ein legg opp til å ta opp 3 lån gjennom året, og startar no med eit lån på 400 mill. kr.

Diagrammet nedanfor viser utviklinga i 5 års swap-rente siste året. Tendensen har stort sett vore fallande sidan september 2013, og det er mykje som tyder på at det no kan vere eit gunstig tidspunkt å inngå avtale om nye fastrentelån.



I følge finansreglementet skal ein ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Ved årsskiftet hadde 57,4 % av låneporteføljen fast rente. Om ein no tek opp eit nytt fastrentelån på 400 mill. kr, vil andelen fast rente kome opp i 59,7 %.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod på 5-års lån med fast rente:

	Nominell rente	Effektiv rente
Danske Markets	2,75	2,7613
Nordea Markets	2,75	2,7628
DNB Markets	2,76	2,7700
Kommunalbanken	2,82	2,8200
KLP	2,87	2,8700

Det var jamt mellom Danske Markets og Nordea Markets, men noko lågare gebyr hos Danske Markets. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Danske Markets.